



Vestlandsrevisjon Iks
Kvassnesvegen 23
5914 Isdalstø

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/162 - 23/834

Saksbehandlar:
Magne Verpelstad
magne.verpelstad@modalen.kommune.no

Dato:
16.03.2023

Forenkla etterlevingskontroll 2022 - "Økonomiske fullmakter"

Me viser til motteke brev om forenkla etterlevingskontroll innan området økonomiske fullmakter.

Me viser òg til semje om utsett levering til 17.mars 2023.

Angående etterspurd dokumentasjon:

Skriftleg delegasjon av økonomisk ansvar, plikter og rettigheter frå kommunedirektør til underordna i organisasjonen:

- ⇒ Vedlagt følgjer dokumenta:
 - Delegert ansvar og mynde økonomi frå kommunestyret – rådmann til leiarar
 - Økonomireglement Modalen kommune
 - Delegeringsreglement for Modalen 01.03.2023
 - Delegeringsreglement overordna

Organisasjonskart med namn på leiarar, mellomleiarar og einingsleiarar:

- ⇒ Vedlagt følgjer dokumentet:
 - Organisasjonskart (Utan namn)
- ⇒ Sjå òg dokumentet «Delegert ansvar og mynde økonomi frå kommunestyret – rådmann til leiarar» med utfylte namn på leiarar med økonomiansvar.

Ansvar for tildeling, oversikt og vedlikehald av roller og tilgangar i Visma Enterprise:

- Magne Verpelstad, økonomisjef
- Aina Norvoll, sakshandsamar HRM

Oppgave- og rutineskildringar knytt til tildeling, oversikt og vedlikehald av roller og tilgangar i Visma Enterprise:

- Sakshandsamar HRM legg inn nye tilsette i Visma, med tilgang til Visma Expense, HRM Web tilgang for alle og HRM personalskjema. Registreringa i Visma med plassering i organisasjonsstrukturen er utgangspunktet for vidare registrering av fullmakter i Visma.
- Sakshandsamar eller økonomisjef gjev tilgangar/fullmakter i Visma i tråd med tilsetjinga, og/eller på bakgrunn av melding frå rådmann når det gjeld nye leiarar, eller melding frå leiarar når det gjeld underordna som skal ha rettar/fullmakter i Visma.
- Endringar/sletting av rettar skjer i hovudsak i samband med avslutning av tilsetjingsforhold.
 - Sakshandsamar HRM legg inn opphør av tilsetjingsforhold i Visma
 - 2. kvar månad rydder sakshandsamar HRM i brukaradministrasjonen, og sjekker m.a. at tilsette som er slutta er sett som passive.

Rutinar kring opplæring og sikring av kompetanse knytt til utøving av økonomisk ansvar og rettigheter:

- ⇒ Vedlagt følgjer dokumentet:
 - Introduksjonsprogram – leiar i rådmannen si leiargruppe
- ⇒ Opplæring og oppfølging skjer elles slik:
 - Tema i leiarmøter
 - Direkte kontakt økonomisjef – leiar
 - Direkte kontakt leiar – tilsett
 - Direkte kontakt økonomisjef – tilsett
 - Kontakt, avklaring, opplæring og informasjon med leiarar og aktuelle tilsette i samband med budsjettprosess, rekneskapsavslutning, tertialrapportering, samt etter behov

Utfylt rollematrise for Visma Enterprise

- ⇒ Ligg ikkje føre

Epostadresser til personar med tilvisingsrett i Visma

- ⇒ Vedlagt følgjer dokumentet (rekneark):
 - Oversyn epostadresser til tilsette med tilvisingsrett

Med helsing

Magne Verpelstad

Økonomisjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Delegeringsreglement for Modalen 01.03.2023

Delegeringsreglement overordna

Delegeringsreglement politisk - rådmannen

Delegert ansvar og mynde økonomi frå kommunestyret_ rådmann til leiarar

Introduksjonsprogram---leiar-i-rådmannen-si-leiargruppe

org.-kart-jan-2023

Oversyn epostadresser til tilsette med tilvisingsrett

Økonomireglement Modalen kommune 2020 - Vedteke 10.12.2020 - KS-sak 063-2020 - Oppdatert 06.05.21 -

KS-sak 024-2021

Mottakere:

Vestlandsrevisjon Iks

Kvassnesvegen 23 5914

Isdalstø